




SURNADAL KOMMUNE

Kommunal planstrategi 2023– 2027 og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2024–2028



1 INNHOLD

Innleiing	2
1.1 Plansamarbeid Nordmøre	2
1.2 Rammer for planlegginga	2
2 Utfordringsbildet for Nordmøre	4
2.1 Globale megatrender som påverkar Nordmøre	4
2.2 Utviklingstrekk og utfordringar for Nordmøre	5
3 Moglegheiter for Nordmøre	13
3.1 Gullkysten 2035	13
3.2 Vårsøg 2035	13
3.3 Helseeliksiren 2035	13
4 Utfordringstrekk og utfordringar i Surnadal kommune	14
5 Kommunal planstrategi	15
5.1 Samfunnssikkerheit og beredskap	16
5.2 Samfunnsdelen	17
5.3 Kommuneplanens arealdel	17
6 Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel	21
6.1 Formålet med planarbeidet	21
6.2 Revidering av kommuneplanens samfunnsdel	22
6.3 Planprosessen med fristar og deltakarar	22
6.4 Medverking	23
6.5 Behov for utgreiing	23
7 Vedlegg	24
8 Referansar	24

Innleiing

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova §10-1, og skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre.

Planstrategien skal klargjere kva for oppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre i perioden 2024-2027. Planlegging skal vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Kommunal planstrategi drøfter utviklingstrekk som påverkar kommunen som samfunn og organisasjon. Dette er grunnlaget for å vurdere planbehovet i perioden. Planstrategien er ikkje ein plan, og det skal ikkje vedtakast mål og strategiar.

I kvar valperiode, og seiest innan eitt år etter konstituering, skal det vedtakast ein kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda i sektorane og ei vurdering av kommunens planbehov i valperioden.

1.1 Plansamarbeid Nordmøre

Kommunane Aure, Averøy, Gjemnes, Kristiansund, Smøla, Sunndal, Surnadal, og Tingvoll deltar i eit plansamarbeid, som er organisert i regi av Nordmøre IPR. Målet er å styrke samfunnsutviklinga på Nordmøre, bygge kompetansemiljø innan planlegging på tvers av kommunane, og at vi skal ha eit auka regionalt syn i den kommunale planlegginga. Det er også eit behov for innovasjon innan fagområdet.

Felles planstrategi er eit ledd i dette arbeidet. Kommunane har samordna seg i arbeidet med planstrategien. Det blei i førige periode utført eit administrativt arbeid med å peike på felles utviklingstrekk og utfordringar for Nordmøre. I denne perioden samarbeidde kommunane med hjelp av fylkeskommunen i å utarbeide eit felles kunnskapsgrunnlag.

Kapittel 1-3 i planstrategien er felles for kommunane. Det øvrige er kommunespesifikt. Kvar enkelt kommune vil fylle inn eige materiale og fremme planstrategien for politisk behandling i den enkelte kommune.

1.2 Rammer for planlegginga

Lokale rammer

Hensikta med å slå saman planstrategi og planprogram er å få til ei effektiv saksbehandling. I forslag til planstrategi for Surnadal kommune 2024 - 2028 har kommunedirektøren tilrådd ei revidering av kommuneplanens samfunnsdel. Dette vil gjere kommuneplanen til eit oppdatert og godt politisk styringsverktøy for folkevalde.

Kommuneplanens samfunnsdel danner grunnlaget for korleis vi skal løyse vårt samfunnsoppdrag. Den viser ei retning for kommunen inn i vår nære framtid og danner utgangspunktet for korleis vi skal ivareta kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Det er dei til kvar tid gjeldande nasjonale og regionale planar som blir lagt til grunn for kommunal planlegging.


Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2024–2028, signal til kva som blir med:

- **Berekraftmåla skal ligge til grunn**
- **Gode lokale planprosessar og medverking er viktig**
- **Sosialt berekraftig utvikling – aldersvennleg samfunn**
- **Behov for meir differensiert arealpolitikk**
- **Vegkart for grønt industriløft**
- **Forventningar om lokale ambisjonar i arkitektur og byggeskikk. Byplanlegging viktig framover, men også styrka jordvern**
- **Klima- og naturutfordringar må sjåast i samanheng.**
- **Samfunnstrygghet og klimatilpassing også sentralt.**

FNs berekraftsmål

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftsmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Norge.



Figur 1 FNs berekraftsmål

Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Desse tre dimensjonane innlemmar kvarandre, økonomi er ein del av samfunnet, som igjen er ein del av våre økosystem. Med andre ord så kan vi ikkje ha ein økonomi utan eit samfunn og vi kan ikkje ha eit samfunn utan ei jord.

Denne gjensidige avhengigheita mellom berekraftsmåla gjer at oppfyllinga av måla på eit område er avhengig av oppfyllinga av måla på andre område. Det er derfor nødvendig å systematisk kartlegge

samanhengane mellom berekraftsmåla, for å unngå målkonfliktar og ivareta ei økosystembasert tilnærming. Dette betyr å sjå på korleis ein ved å oppnå eit mål kan påverke andre mål.

I kommunale planar vil ei kartlegging av samanhengar mellom mål vere nyttig, mens for eit enkeltprosjekt gir skalaen eit rammeverk for å identifisere korleis prosjektet kan påverke andre prosjekt og satsingsområde.¹

Regionale føringar:

- «Statlige og regionale organer og kommunene skal legge den regionale planstrategien til grunn for det vidare planarbeidet i regionen.» Plan- og bygningsloven § 7-2.
- «Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.» Plan- og bygningsloven § 8-2.

Fylkeskommunale planar som legg føringar for det kommunale planarbeidet:

- Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020 – 2024 med fire langsiktige utviklingsmål
- Fylkesplan for Bærekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024
- Tilhøyrande fylkesstrategiar på ei rekke tema, ein tematisk regional plan og nokre regionale delplanar

2 Utfordringsbildet for Nordmøre

2.1 Globale megatrender som påverkar Nordmøre

Digitalisering

Det meste av framtidig effektivisering, utvikling og verdiskaping vil basere seg på digital teknologi. Digitalisering er utan tvil den trenden som i størst grad ser ut til å påverke arbeidslivet i regionen, og behovet for teknologikompetanse går igjen på tvers av bransjar og verdikjede. Kompetanse til å nytte teknologien avgjer kva effektane blir.

Globalisering

Globalisering er ei samlenemning for ei rekke drivkrefter. Politisk styring, nasjonal økonomi og rettsordning blir påverka av krefter utanfor nasjonalstaten, og inneberer stadig nye rammevilkår for kommunane. Når det gjeld næringsliv inneberer globalisering ein aukande grad av samhandling, integrasjon og avhengigheit i handel. Eksportindustrien på Nordmøre har lang erfaring med globale marknader, for eksempel eksport av klippfisk og laks, olje og møblar.

Ukrainakrigen

Krigen i Ukraina har ført med seg fleire flyktningar til Norge og Nordmøre. Dette har ført til at befolkningstalet på Nordmøre gjekk opp i 2022. Krigen i Ukraina har ført med seg meir finansiell

¹ R. Nerland (21.11.2022) [Vi trenger en bærekraftig bærekraft • Kommunal Rapport \(kommunal-rapport.no\)](#)

ustabilitet, og skapt endringar i dei globale verdikjedene og høgare handelskostnader. Ukraina og Russland står for heile 53% av den globale handelen med solsikkeolje og -frø, og 27% av den globale marknaden for kveite. Dette kan føre med seg matmangel og høgare matvareprisar. Russland er verdens største oljeeksportør, og 25% av EUs oljeimport kjem i frå Russland. I tillegg til olje sto Russland for 40% av EUs import av naturgass. Dette har ført til høgare energiprisar, men også eit større fokus på produksjonen av olje og gass i Norge som kan føre til meir næringsaktivitet på Nordmøre.

Pandemien

I den siste planperioden har verden og Nordmøre vore igjennom ein 2-årig pandemi, som stengte ned samfunnet. Koronapandemien har gjort verdsøkonomien meir sårbar, og dette fører med seg ein risiko for sosial uro, matmangel og økonomisk tilbakegang som følge av inflasjon. Pandemien førte med seg en redusert folkehelse, og langvarige sosiale og økonomiske konsekvensar for Norge og Nordmøre. Det aktivitetsnivået som fantes i lokalsamfunna, har blitt redusert ved at folk har blitt vant til å sitte heime og de har mindre å rutte med.

Naturtap og klimaendringar

Global oppvarming og tap av natur er den største miljøutfordringa verden står overfor. Som alle land er Norge forplikta til å kutte i utslep av klimapåverkande gassar gjennom global klimaavtale. FNs naturavtale frå 2022 forpliktar oss til å ta vare på naturmangfaldet. Kvart land skal ha konkrete mål for vern og restaurering av natur, og for klimagassutslepp, og rapportere på dem. Nordmøre må ta sin del av det vi som nasjon er forplikta til og førebu seg på ein meir offensiv nasjonal naturvern- og klimapolitikk. Klimaendringar fører allereie til meir intens nedbør som kan gi auka fare for flaum og skred. Langs kysten kan vi få auka risiko for orkan og stormflo, og på sikt havnivåstigning. Dette vil få store konsekvensar både for næringslivet og ulike samfunn langs kyst og vassdrag.

Urbanisering

Proessen kor menneske flyttar frå distrikta til byar blir kalla urbanisering. Urbanisering er ein nasjonal og internasjonal trend, og ein stadig større del befolkninga på jorda bur i byar. I dag bur over halvparten av jordas befolkning i byar, og innan 2050 er det venta at meir enn 3 milliardar menneske vil flytte til byar, ifølge FN-sambandet. Å oppretthalde eit desentralisert busettingsmønster krev at fleire blir buande eller flytter til distrikta. For Møre og Romsdal er urbaniseringa ei utfordring fordi ein ser at unge menneske flytter ut av fylket, og til større byer.

2.2 Utviklingstrekk og utfordringar for Nordmøre

Nordmøre står overfor utfordringar som i stor grad må løysast på tvers av kommunegrensene. Kommunane på Nordmøre har ulike fortrinn som gjer at dei kan ha mykje å lære av kvarandre. Det etablerte plansamarbeidet på Nordmøre er ein styrke for kommunane. Her kan det vurderast om ein skal ha fleire interkommunale planar på ulike område.

Utviklingstrekka utfordrar Nordmøre til å tenke annleis om vekst. Det blir arbeidd med å få på plass ein nordmørsstrategi, som skal gjere Nordmøre meir attraktiv som plass å bu, å besøke og å drive næringsverksemd i.

Berekraft

I 2021 blei alle kommunane i Møre og Romsdal kartlagt etter den internasjonale standarden U4SSC. U4SSC er med på å kartlegge kor godt kommunane innfrir berekraftsmåla med å bruke måleindikatorar for berekraft. Gjennom denne kartlegginga har det peika seg ut 6 område som kommunane bør arbeide med for å bli meir berekraftige.

Disse 6 områda er:

- Smart og berekraftig vass- og avløpssektor
- Fattigdom og sosial inkludering
- Sirkulær økonomi
- Digitalisering i offentleg sektor
- Offentlege bygg bærekraftsertifisering
- Lokalmat og mattrygghet


Både planlegging og berekraft handlar om å sjå samanhengar og veie interesser mot kvarandre. Dette krev at dei som tek avgjerslene har kunnskapar om konsekvensane eit tiltak har for ulike grupper, natur og økonomi. Synleggjering av målkonfliktar og samanhengar blir derfor viktig i arbeidet med berekraft framover. Utfordringane blir å løfte blikket opp frå eigne hjertesaker, sektorar og geografiske område. Dette kan berre gjerast ved å legge til rette for samarbeid.

Demografi


Den demografiske utviklinga på Nordmøre er prega av nasjonale utviklingstrekk; Færre barn, fleire eldre og færre i arbeidsdyktig alder. Det er også færre kvinner enn menn i alderen 20-40 år, og det er lågare fødselstal per kvinne på Nordmøre enn landssnittet. Dette gjer at det blir færre barn i regionen. Dette vil i framtida sette press på dei offentlege tenestene, samtidig som tilgangen til kompetanse og arbeidskraft blir færre.

Som region held folketalet seg samla sett stabilt, men aldersfordelinga i befolkninga representerer ei utfordring. Det vil vere fleire som er over enn under 50 år på Nordmøre i 2040. Ifølge regional analyse så vil folketalet gå ned til 46 385 innbyggjarar i 2050.

Figur 2 Innbyggere i Nordmøre etter kjønn og alder 2023



Figur 3 Innbyggere i Nordmøre etter kjønn og alder 2040



Nettoflytting

Gjemnes, Averøy og Kristiansund har hatt vekst i folketallet i den siste tiårsperioden. Dei andre kommunane i regionen har hatt eit ganske stort fødselsunderskot og nedgang i folketallet i denne perioden. Frå perioden 2018-2022 har alle kommunane unntatt Gjemnes hatt eit netto innflyttingstap. Den største utflyttinga skjer til Oslo og Trondheim. I 2022 var det spesielt høg innflytting til Sunndal, Tingvoll og Smøla. I 2022 fekk Nordmøre fleire som flytta inn enn ut. Dette kjem av den store flyttestraumen frå Ukraina. Det ville vore nedgang i folketallet på Nordmøre utan innvandringa frå Ukraina.


Nordmøre har ei eldre befolkning. Det gjer at det er mange eldre som trer ut frå arbeidslivet og relativt få unge som er på veg inn i arbeidslivet. Det gjer at forventa nettoflytting er høgare, ettersom det trengs innflytting for å fylle arbeidsplassane. Arbeidsplassutviklinga i eigen region har bidratt negativt i heile perioden sidan 2005 og særleg i dei siste åra. Arbeidsplassveksten i naboregionane har også vore dårleg dei siste åra.

Næringsgrunnlag og arbeidsmarknad

Talet på arbeidsplassar

Talet på arbeidsplassar på Nordmøre er redusert i den siste tiårsperioden. Det har vore vekst i talet på arbeidsplassar i offentleg sektor, men veksten har vært mykje lågare enn i resten av landet og for dei andre fylkesregionane. Regionsenteret Kristiansund har 98% arbeidsplassdekning og få statlege kompetansearbeidsplassar. Dette blir ekstra utfordrande når Kristiansund akuttsykehus blir lagt ned ved opninga av Sykehuset Nordmøre og Romsdal på Hjelset i 2025.

I næringslivet har talet på arbeidsplassar gått ned. Nordmøre har dermed ikkje vore ein attraktiv region for næringslivet. I 2021 var det ein sterk nedgang i talet på arbeidsplassar i næringslivet. Så dette er ein trend som vil halde fram med mindre det blir skapt ein høg næringsattraktivitet på Nordmøre.



Figur 2 Arbeidsplassutvikling i næringslivet på Nordmøre etter framtidig attraktivitet & Bransjefordelingen på Nordmøre i 2022

Bransjestruktur

Nordmøre har hatt ein lite gunstig bransjestruktur for å få vekst i den siste 10-års perioden. Nordmøre har ein stor del arbeidsplassar i bransjane fiske og havbruk og prosessindustri. Det er også ein høgare del av bransjane el-produksjon, anna verkstadindustri, næringsmiddelindustri og anna industri. Basisnæringane står sterkt i denne regionen.

Næringsfordelt er det offentleg administrasjon og jordbruk, skogbruk og fiske som har hatt størst nedgang i sysselsettinga. Personleg tenesteyting har hatt sterkast relativ vekst, men er framleis ei lita næring. I de næringane som sysselsett flest (industri, undervisning og helse- og sosialtenester) har sysselsettinga vore stabil.

Sysselsetting

Den demografiske utviklinga viser et aukande behov for sysselsette innan helse- og omsorgstenestene, mens det blir færre barn og yngre. Talet sysselsette som er 55 år eller eldre blir ofte brukt som et tall på kor mange som vil gå ut av arbeidslivet dei neste ti åra. 20% av dei som arbeider innafor helse- og omsorgstenestene er over 55 år. Dei må erstattast, anten gjennom rekruttering eller gjennom endra bruk av teknologi og effektivisering, om verdiskapinga og offentlege tenester skal vere av same omfang i framtida.

Kompetanse og utdanning:

Utdanningsnivået i Møre og Romsdal har auka dei siste åra, men det er stor variasjon mellom kommunane. I Nordmøre er delen av den sysselsette befolkninga med minst tre års høgare utdanning 30,8%. Det er mykje lågare enn delen for Norge 41,1% og også lågare enn middels av regionen i fylket 32,2%. Ei stor utfordring framover blir å tiltrekke seg menneske med kompetanse regionen har behov for. Satsinga på vidareutvikling og styrking av utdanningstilbodet gjennom bygginga av Campus Kristiansund på Nordmøre er viktig i den samanheng, slik at ungdommen i regionen kan ta utdanning lokalt. Campus Kristiansund og Normoria er to prosjekt som kan skape høgare attraktivitet og mogleg vekst for både Kristiansund og resten av regionen Nordmøre framover.

Tilgjengelegheit

Nordmøre er ein utfordrande region frå naturens side, noko som gir fragmentert og kostbar transport i form av reisetid, ferjer og bompengar. Det er sterkt behov for betre tilgjengelegheit mellom kommunane i regionen. Betre tilgjengelegheit til Kristiansund lufthamn Kvernberget, nye Campus Kristiansund, nye Normoria kulturhus i Kristiansund og andre urbane tilbod i regionsenteret vil gjere heile Nordmøre meir attraktiv. Arbeidsmarknaden vil bli større og meir mangfaldig og næringslivet på Nordmøre vil ha større utviklingsmoglegheiter med ein region som er meir knytt saman. Det blir også viktig å få på plass den nye vegen mellom Kristiansund og Hjelset, for å sikre pasientar på Nordmøre ein effektiv og sikker tilgjengelegheit til sjukehuset.

Bustadsituasjonen, nabolag og sentrumsutvikling

Ein bustader dominerer bustadtilbodet i distrikta, også på Nordmøre. Skal distriktskommunane vere attraktive bo- og arbeidsmarknader, må tilbodet bli meir variert. Etterspørselen etter andre buformer og gode nabolag har fått meir merksemd dei seinare åra.

Bustadbygging

Bustadbygginga på Nordmøre har vore lågare enn forventet dei siste 10 åra. Det blir bygd færre nye bustader på Nordmøre, 3,1 per 1000 innbyggjar, enn det blir bygd i Norge og dei andre regionane i fylket. Dette kan for det meste forklarast med den låge befolkningsveksten på Nordmøre, men det blir framleis bygd mindre bustader enn det befolkningsveksten skulle tilseie. Dette vil etter kvart gjere det vanskelegare for folk å etablere seg her.

Bustadtiltak

Eit viktig kjenneteikn ved kommunar som har lykkast med gode bustadtiltak, er at tiltak og prosjekt er strategisk forankra i kommunalt planverk. Dette er kommunar som har teke ei strategisk rolle i arbeidet med bustadetablering og bustadutvikling, og som har sett av ressursar til å jobbe med dette.

Gode sentrum og nabolag:

Stadutvikling og næringsutvikling heng saman: «Sentrum som inneholder et variert tilbud av møteplasser, handel, tjenester og kulturaktiviteter bidrar til småbyens attraktivitet og konkurransekraft» (KMD, 2019). Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har eller har hatt samarbeid med Kristiansund, Smøla, Aure, Tingvoll, Sunndal, Averøy om stadutvikling. Programmet tilbyr kompetanseheving/retteleiing/samarbeid og tilskot til prosjekt som bidreg til auka attraktivitet. Per mars 2023 er det aktive sentrumsprosjekt i Smøla, Aure, Kristiansund og Averøy.

Klimagassutslepp og naturmangfald


Arealendringar er den viktigaste årsaka til at artar blir utrydda. Arealendringar påverkar naturen og naturtypene. Arealendringar og nedbygging av natur fører også til store klimagassutslepp. Nokre naturtypar, slik som myrer og våtmarker, lagrar store mengder karbondioksid. Viss desse naturtypene blir utbygd fører det med seg både eit stort direkteutslepp av CO₂ som er lagra, men også indirekte utslepp av tapt framtidig lagring av CO₂. Frå 1988 til 2018 forsvann 215,5 km² inngrepsfri og villmarksprega natur på Nordmøre. Det er registrert 76 raudlista naturtypar i Møre og Romsdal i 2018. Her er det slåttemark og sørleg slåttemyr som er kritisk trua. Naturtypene blir mest påverka av klimaendringar, men nedbygging av areal er også ein viktig faktor.

Arealendringar og klimatiske endringar er også ein viktig påverknadsfaktor for at 762 artar er trua eller sårbare i Møre og Romsdal i 2021. Dei fleste artane på den lista er tilknytt skogen. Det finnes også 82 fremmedartar i fylket som har høg risiko for å invadere og påverke de opprinnelege artane. Etter FNs naturavtale (2022) så skal 30% av all natur på land, hav, innsjøar og elvar vernast innan 2030. Det skal restaurerast 30% av all natur som er delvis øydelagt innan 2030. Naturvern skal vere representativt, det vil seie at områda som blir verna skal dekke alle naturtypar og dei skal henge godt saman.

Tabell 2 Vernet natur i Nordmørskommunene.
Kilde: Miljødirektoratet

Kommune	Verna natur (%)
Aure	2,7
Averøy	1,1
Gjemnes	1,4
Kristiansund	0,2
Smøla	12,6
Sunnal	64,9
Surnadal	35,9
Tingvoll	2,2
Alle kommuner	22,8

Figur 7 Hovedtyper areal på Nordmøre. Kilde: NIBIO AR5



Klimagassutslepp:

Parisavtalen forpliktar Norge til å kutte utsleppa med minst 55 prosent innan 2030.

Klimagassutsleppa har gått ned 1 % frå 2009 til 2021 for nordmørskommunane.

Utsleppa frå Tjeldbergodden metanolfabrikk og Hydro Aluminium Sunndal utgjorde 71 % av utsleppa frå nordmørskommunane i 2021.

- Sjøfart 13 %
- Jordbruk 7 %
- Vegtrafikk 5 %
- Anna mobil forbrenning 2 %
- Avfall og avløp, luftfart og oppvarming utgjør resten, under 2 %

Alle planprosessar og saksvedtak må ta omsyn til behova for klimatilpassing. Det vil bli ein betydeleg auke av ekstrem nedbør, flaumar, skredfare og stormflo i Møre og Romsdal.


Energi og krafttilgang

Både Møre og Romsdal og Nordmøre produserer mindre energi enn det som blir forbrukt. Omtrent 60% av kraftbehovet i fylket blir produsert i fylket, resten blir importert utanfrå. Indre Nordmøre er med i nettområde D som har det største forbruket av energi i fylket. Dette er på grunn av den kraftintensive industrien som Hydro Aluminium. Det er forventa ein større auke i energiforbruket i dei kystnære delane av fylket framover. Ein av grunnane for dette er utbygginga av kraftlinjer til oljeplattformene som ein del av det grønne skiftet. Dette vil auke energiforbruket betydeleg, og gjere regionen enda meir avhengig av å importere straum.

For å betre energibalansen i regionen så må det produserast meir straum. Dette kan gjerast ved å effektivisere og utvide energiproduksjonen frå eksisterande energikraftverk, eller ved å utbygge nye kjelder for energiproduksjon som: vasskraft, vindkraft, havenergi og bølgekraft, geoenergi, solkraft og bioenergi.

Det er også store forbruksplanar på Nordmøre som blir avgrensa på grunn av nettkapasiteten. I dag så er forbruket på Nordmøre 135 MW. I scenarioriet for forbruksvekst fram mot 2040 er det i teorien berre kapasitet innanfor dagens straumnett å auke forbruket til 210 MW.

Den forventa ein auke i behovet for elektrisitet, i kombinasjon med svakt transmisjonsnett og lite ny produksjon, gjer det utfordrande å etablere ny industri. Behovet for nye nett-tiltak på Nordmøre er nært knytt til forbruksutviklinga. Dette krev tett samarbeid mellom Statnett og regionale nettselskap, og med aktuelle forbruksaktørar.



Figur 3 Scenario for forbruksvekst fram mot 2040

Folkehelse, inkludering og integrering

Ein betydeleg del av befolkninga under 18 år på Nordmøre lever i hushald med låginntekt. Det gjer at mange barn og unge som følge av føresette sin økonomi, ikkje får delta i fritidsaktivitetar på lik linje med andre barn. Det er ein fare for at desse barna blir ståande utanfor viktige sosiale arenaer som følge av dette. Når det gjeld talet på personar i hushald med vedvarande låginntekt (3-års periode) har det i dei aller fleste av kommunane på Nordmøre vore ein reduksjon dei siste åra.

Hushald med låginntekt

Kommunar	2019	2020	2021
Kristiansund	16,6	15,7	15,2
Averøy	11,1	12,8	11,5
Gjemnes	10,9	11,2	13,0
Tingvoll	16,0	15,1	16,5
Sunndal	16,9	15,6	16,0
Surnadal	13,0	14,3	14,4
Smøla	14,6	11,2	9,4
Aure	18,7	17,4	15,8

Innvandrarar

Nasjonale tal viser at innvandrarbefolkninga er overrepresentert mellom hushald med låginntekt. I perioden 2019-2021 var 31 prosent av innvandrarane del av hushald som hadde vedvarande

låginntekt, i den resterande delen av befolkninga er 7,5 prosent i same situasjon. Innvandrarbefolkninga utgjer ein betydeleg del av befolkninga i kommunane på Nordmøre.

Ein ny NOU om arbeidsinnvandrar avdekkar at denne gruppa, trass i at dei er i arbeid, har vanskar med å bli integrert i det norske samfunnet. Arbeidsinnvandrarak frå Sentral- og Øst-Europa har svakare rettigheitar til språkopplæringa enn flyktningar og få tiltak er retta mot denne gruppa. Det viser seg at arbeidsinnvandrarak har låg deltaking i frivillige organisasjonar/fritidsaktivitetar og deltek i liten grad ved val. Mange har vanskeleg for å bli integrert i lokalmiljøet der dei bur. Mangelfulle språkkunnskapar både i engelsk og norsk gjer integreringa ekstra vanskeleg for mange i denne gruppa.

Arealbruk

Det aller meste av tiltak og satsingar fordrar arealbruk. Derfor er det også mykje om arealbruk i andre delar av dokumentet. I denne delen viser vi:

- At planlagt nedbygging av dyrka og dyrkbar jord varierer, men er minkande over tid. Det meste av omdisponeringa skjer i samsvar med plan- og bygningslova.
- Av det faktisk nedbygde arealet, representerer vegar og infrastruktur den største parten, følgd av bustadområde.
- Det er generelt avsett mykje areal til framtidig vekst i bolig- og hyttemarknaden, men svært ulikt mellom kommunane, og ikkje proporsjonalt med venta folkevekst og etterspørselen etter fritidsbustadar.

Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord, dekar 2022

Kommuner	Omdisponering i alt	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Vedtak etter jordlova – dyrket jord	Vedtak etter jordlova – Dyrkbar jord	Vedtak etter plan- og bygningslova – dyrka jord	Vedtak etter plan- og bygningslova – dyrkbar jord
Kristiansund	1	1	0	0	0	1	0
Averøy	17	11	6	1	0	10	6
Gjemnes	4	4	0	2	0	2	0
Tingvoll	0	0	0	0	0	0	0
Sunndal	5	0	5	0	1	0	4
Surnadal	0	0	0	0	0	0	0
Smøla	1	0	1	0	0	0	1
Aure	11	0	11	0	2	0	9
SUM	39	16	23	3	3	13	20

Tabellen over viser kor mykje av dyrka og dyrkbar jord i dei ulike kommunane på Nordmøre som har blitt omdisponert til andre føremål enn landbruk. Tabellen over viser også om denne jorda har blitt omdisponert etter vedtak i plan- og bygningslova og/eller vedtak i jordlova. Vi kan sjå at det er Averøy og Aure som har hatt mest dekar av dyrkbar eller dyrka jord omdisponert.

3 Moglegheiter for Nordmøre

Prosjektet «Fremtidsanalyse for Nordmøre» vart gjennomført i regi av ORKidé - Nordmøre Regionråd i 2016. Eit viktig føremål med dette arbeidet var å beskrive nokre sannsynlege framtidsbilde (scenario) for regionen i eit lengre perspektiv, for å skissere utviklingsmoglegheitene. Det blei skissert tre scenario for regionen:

3.1 Gullkysten 2035

Dette er historia om korleis Nordmøre transformerte oljekompetansen, og skapte eit næringsliv med utgangspunkt i denne kompetansen og teknologi og prosessindustrien i regionen. Nye samarbeid og relasjonar frå Søre Sunnmøre med verftsindustrien, og heilt til Trondheim med høgkompetansemiljø og NTNUs havforskningsverksemd, skapte ein «gullkyst» for utvikling av havrommet. Nordmøres strategiske plassering og kompetanse frå oljeservice, havbruk, undervassinstallasjonar og prosessindustri gjorde regionen til eit kunnskaps-nav på denne gullkysten. Kristiansund har utvikla ein urban og internasjonal kultur med et kulturliv som heile nordmørsregionen aktivt benyttar seg av.

3.2 Vårsøg 2035

Dette er historia om korleis Nordmøre blei klimanøytralt og fekk folketalsvekst etter satsing på grøn omstilling. Ein bygde vidare på Nordmøre som energiregion og skapte eit desentralisert energiforsyningsystem. For å oppnå klimanøytralitet var det viktig å omstille landbruket og i dag er alle gardar på Nordmøre økobruk. I staden for sentralisering i kristiansundsområdet, har det vakse fram ein mikrourbanitet med økobyar rundt tettstadane på Nordmøre. Desse økobyane utnyttar ressursgrunnet på staden. Økobyane produserer den energien dei sjølv bruker, og dei er sjølvforsynte med grønnsaker og meieriprodukt frå lokale produsentar.

3.3 Helseeliksiren 2035

Dette er historia om korleis Nordmøre blei ein leiande helseregion i Norge. Drivkrafta i denne utviklinga var kommunane som omorganiserte heile helsetilbodet og blei ein pådrivar for innovasjon saman med privat og frivillig sektor. Da spesialiseringa i helsevesenet førte til omstillingar i den nasjonale organiseringa av helsevesenet, var Nordmøre posisjonert til å utvikle morgondagens helseløysingar bygd på prinsippet om å gi best mogleg livskvalitet til innbyggerane. Helse, kultur og teknologi kom saman og starta eit nytt næringseventyr på Nordmøre.

Nordmøre var tidleg på banen med lokal kompetanse på helseinnovasjon og velferdsteknologi. Regionen dro fordelar av det nye finansieringssystemet i helsesektoren, samtidig som satsinga ga grunnlag for en stor kompetansevekst innan IKT og helse, og grobotn for ei rekke små og spesialiserte bedrifter på det same området. Dette bidrog igjen til å løfte utdanningsnivået på Nordmøre, og ga grobotn for vekst og utvikling i andre sektorar.

4 Utfordringstrekk og utfordringar i Surnadal kommune

Statistikken under er henta frå offentlege kjelder (SSB og Møre og Romsdal fylkeskommune). Den gir ein peikepinn på utviklinga i Surnadal kommune. Gjennom enkelte nøkkeldata kan ein sjå utfordringar kommunen står ovafor i åra som kjem.

Folketalsutvikling

Dei siste 10 åra har talet på innbyggjarar gått ned med 15 personar og var på 5 912 innbyggjarar 1. januar 2023.

	Hovudalternativet (MMMM)					
	2025	2030	2035	2040	2045	2050
0-19 år	1 184	1 122	1 071	1 022	993	974
20-64 år	2 986	2 836	2 647	2 534	2 490	2 421
65 +	1 513	1 585	1 711	1 754	1 714	1 699
Totalt	5 683	5 543	5 429	5 310	5 197	5 094

Tabellen ovanfor er ei befolkningsframskriving utarbeidd av SSB i 2022 etter hovudalternativet (MMMM).

Som alle modellar er befolkningsframskrivingsmodellen ei forenkling av verkelegheita. Det er derfor anbefalt å ta resultatane som eit utgangspunkt. Grunnlaget for berekningane er befolkninga 1. januar 2022 delt inn etter kjønn, alder og bustad, og demografiske føresetnader om fruktbarheit, dødelegheit, innanlands flytting, innvandring og utvandring framover. På grunn av systematikken i befolkningsutviklinga veit vi mykje om kommunens befolkning på kort sikt – dei fleste av oss vil til neste år vere eitt år eldre og bu på same stad. På lengre sikt må vi lene oss meir på forutsetningane for å berekne befolkninga. Avvik kan også skje på kort sikt, for eksempel er det fortsatt usikkert kva konsekvensane av krigen i Ukraina og den nye sikkerheitssituasjonen i Europa vil bli.

Kommunestatistikk elles kan hentast via [kommunefakta i SSB](#) og via [Møre og Romsdal fylkeskommune si heimeside](#)

Folkehelse

Folkehelseinstituttet har utarbeidd. [Folkehelseprofilen for Surnadal kommune 2023](#).


Bumiljø er temaet for folkehelseprofilen 2023. Indikatorane som blir presentert i profilen er valt med tanke på helsefremmande og førebyggjande arbeid. All statistikk må tolkast i lys av annan kunnskap om lokale forhold.

Folkehelsebarometeret viser at vi i store trekk ligg rundt landsnivået. Det blir arbeidd med ei folkehelseoversikt, som vil bli nytta under arbeidet med samfunnsplanen.

5 Kommunal planstrategi

Gjennom planstrategiens gjennomgang av plansystem, utfordringar og utviklingstrekk, blir kommunestyret gjeve moglegheita til å prioritere kva for planar som er nødvendig for ei ønska utvikling av kommunen.

Det er eit ønske at planlegginga ikkje skal vere for omfattande, og at det blir lagt opp til ei forenkling av planprosessar. Det er utarbeidd ein planprosedyre slik at vi får ei felles forståing av det kommunale plansystemet og planprosessar, og felles begrepsbruk av ulike trinn i prosessen. Prosessen skal sikre god samhandling for å gjennomføre politiske mål og sikre gode prioriteringar i samfunnsdelen.



Figur: Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet

Nedanfor følger ei oversikt over eksisterande kommunale planar med status og forslag til rulling i perioden 2024 – 2028. Kommunedelplanar skal følge plan- og bygningslova sine retningslinjer for planprosessen.

5.1 Samfunnssikkerheit og beredskap

Kommunen skal utarbeide ein heilheitleg risiko- og sårbarhetsanalyse som gir oversikt over risikobildet i kommunen. Nærmare retningslinjer for den heilheitlege Ros-analysen er fastsett i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Funn frå den heilheitlege risiko- og sårbarhetsanalysen skal danne grunnlag for langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og kommunen sin plan for oppfølging av samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet, jf. forskrifta § 3, og den heilheitlege Ros-analysen er derfor eit vesentleg grunnlag for både den kommunale planstrategien og kommuneplanen sin samfunnsdel.

Den heilheitlege Ros-analysen skal også vere det viktigaste grunnlaget for kommunen sin overordna beredskapsplan. Den overordna beredskapsplanen skal rullerast årleg administrativt.

ROS-analysen og overordna beredskapsplan vart rullert i 2023. I samband med arbeidet med ny samfunnsdel og for å sikre god forankring av i nytt kommunestyre, vil vi ta sikte på å ta ei lettare rullering i kommunestyret tidleg i neste valperiode.

Frå ROS-analysen har vi henta følgjande:

[I nasjonal trusselvurdering \(NTV\) for 2022](#) og [FNs klimapanel \(2021-2022\)](#) blir det vist til globale scenario som bør viast merksemd:

- Ekstremver som heitebølger og ekstremnedbør.
- Menneskeskapte hendingar på grunn av terror og sabotasje.

Nasjonalt sett har det dei siste åra vore store utfordringar knytt til den langvarige pandemisituasjonen og hendingar med ekstremnedbør og bortfall av straum og elektronisk kommunikasjon.

Som ein følge av at samfunnet blir digitalisert, aukar også trusselen for digitale angrep som kan skade og forstyrre viktige datasystem i både næringsverksemdar, statlege og kommunale verksemdar. Både privat næringsliv og det offentlege har blitt ramma, og det er viktig at verksemdar kartlegg korleis bortfall av elektronisk kommunikasjon vil kunne ramme den enkelte bedrift og verksemd. Villa handlingar er vanskeleg å forutsjå, og metodar for å kunne påføre skade er mange.

Nye utbrot av pandemi blir i denne analysen sett som svært sannsynlege scenarioa, tett etterfølgd av naturhendingar som følge av ekstremnedbør eller tørkeperiodar. Vi kan også bli sterkt påverka av andre typar kriser som eit resultat av hendingar eller krig i Europa og resten av verden. Det blir i den samanheng vurdert som viktig å utarbeide nye risiko- og sårbarhetsanalyser for følgjande scenario:

- kornmangel/ matvaremangel
- mangel på elektrisk kraft eller fossilt drivstoff, prioritet for kommunale kjøretøy

Politisk og administrativ leing har ansvar for at kommunens verksemder følger opp beredskapsarbeidet med eit godt tilpassa kriseplanverk med velfungerande krisestabar som utfører jamlege beredskapsøvingar.

5.2 Samfunnsdelen

Surnadal kommune sin samfunnsdel vart sist rullert 05.11.20. kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommuneplanens samfunnsdel er kommunens overordna styringsdokument med mål, retning og strategiar for kommunens utvikling framover. Satsingsområda og måla i samfunnsdelen skal leggest til grunn som overordna politiske prioriteringar. Sjølv om kommunen har ein forholdsvis ny samfunnsdel, vil det nyvalde kommunestyret ha anledning til å vedta politiske satsingar i valperioden ved at samfunnsdelen blir revidert første året av valperioden.

Samfunnsdelen må tilpassast strukturen til planmodulen i Framsikt. I denne modulen opererer ein med satsingsområde og mål med tilhøyrande strategiar for kvart enkelt mål.

5.3 Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanen sin arealdel

Gjeldande arealdel vart vedteke i 2017. Behovet for areal er i arealplanen vurdert ut i frå temaa boligar, samferdsel, friluftsliv, hytter og næring. Av næringsareal har kommunen 36 mål ferdig oppfylt areal klargjort for sal. Når det gjeld fritidsboligar har vi store tomtereservar. I gjeldande arealdel skal det også vere tilstrekkeleg med boligreservar, sjølv om det kunne vore vurdert å utvide tilgjengeleg areal og ta ut areal som er mindre aktuelt.

Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp, hindre tap av natur og sikre naturmangfald. Ein overordna arealstrategi i kommuneplanens samfunnsdel kan gjere arealplanane betre tilpassa samfunnets behov og utfordringar. Kommuneplanens arealdel er frå 2017. Ein best mogleg oppdatert arealdel vil legge langsiktige føringar og vil vere føreseieleg for befolkninga i kommunen. For natur- og miljøverninteressene er tydelege mål og arealavklaringar viktig for at verdiane skal bli forvalta på ein god måte, både i notid og i eit langsiktig perspektiv.

Ut i frå ei samla vurdering er det ikkje behov for ei større rullering av heile arealdelen i kommunen. Det er likevel ønskeleg å rullere enkelte tema innafør arealplanen gjennom kommunedelplanar. Det gjeld:

å sjå på enkelte tema som:

- Næringsareal – framtidig behov, størrelse og plassering
- Tomtereserve fritidsboligar
- Bolig – vurdere gjeldande plan opp mot framtidig behov
- Byggegrense sjø

Av store reguleringsplanprosjekt i kommande valperiode vil vi peike på:

- kryssing av Todalsfjorden

- Øygardslia - fase 2
- reguleringsplan sentrum

Tema og sektorplanar

Overordna emne som miljø- og klima, folkehelse, likestilling m.m. skal behandlast på overordna nivå i kommuneplanen sin samfunnsdel, framfor i eigne temaplanar. Dei kommunale planane er lista opp i tabellen nedanfor. Ei utvida vurdering er også gjort der det er tenleg.

Næringsplan

Kommunestyret vedtok ny næringsplan i april 2021 for perioden 2021-2025. Same året blei det også utarbeida og vedtatt nye retningslinjer for bruk av næringsfondet. For kvart år i næringsplan-perioden blir det vedtatt ein årleg handlingsplan. 24.04.2021

Det er planlagt rullering i 2025.

I tillegg er det no under arbeid ei overordna næringsplan-/strategi for alle Nordmørs kommunane. Den skal ta opp i seg dei overordna måla som ligg i dei kommunale næringsplanane.

Kulturplan

Gjeldande kulturplan er ei temaplan som vart vedteke i 2021 og gjeld ut 2025. Planen omfattar heile kulturfeltet bortsett frå det profesjonelle kulturfeltet. Den strategiske delen heng saman med kommuneplanen sin samfunnsdel, medan handlingsdelen på sin side blir teke inn i budsjett og økonomiplan i perioden. Ein ser for seg ei rullering av tiltaksdelen i løpet av 2025, samstundes med at ein tek inn eit kapittel som går på det profesjonelle kulturfeltet.

Kulturmiljøplan for Surnadal 2021 - 2025

Surnadal si første kulturmiljøplan vart vedteke i 2021 som ei temaplan.

Kulturmiljøplanen inngår i kommunen sin planstrategi og vil vere eit viktig grunnlag for arbeidet med kommuneplan og andre planverk. Planen i seg sjølv gir ikkje grunnlag for vern, men peikar på behovet for dette gjennom framlegg til omsynssoner for eit utval kulturminne av lokal verdi. Planen må reviderast i løpet av 2025 - planen påverkar moglegheitene private som eig verna/freda bygg har for å få tilskot til vedlikehald/istandsetjing. I samband med neste rullering av denne planen bør ein sjå nærmare på spesielle sikringstiltak for strandområdet Surnadalsøra.

Plan for idrett og friluftsliv

Dette er eit plankrav Kulturdepartementet sett til kommunane for å kunne søkje om spelemidlar. Godkjent temaplan må leggest ved spelemiddelsøknadane. Planen skal reviderast om lag kvart 5 år og kommunen skal kvart år lage ei prioriteringsliste over innkomne spelemiddelsøknadar som skal sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune. Gjeldande plan vart vedtatt i 2018 for perioden 2018 – 2021. Revidert plan vil bli vedteke i løpet av 2023 og gjelde for perioden 2024 - 2027. Alle prioriteringslister i planen er revidert kvart år. Det er no kome plankrav frå regjeringa; Plan for friluftslivets ferdsselsårer. Difor vil den reviderte utgåva av denne planen bli kalla «Plan for idrett og fysisk aktivitet 2024 – 2027», friluftslivsdelen blir teke inn i «Plan for friluftslivets ferdsselsårer».

Plan for friluftslivets ferdsselsårer

Dette er ein temaplan som gir oversikt over viktige og relevante ferdselsårar for friluftslivet i ein kommune eller eit nærare geografisk område. Planen skal beskrive nosituasjonen, og ha ein tiltaksdel. Dette «plankravet» er forholdsvis nytt og det er mogleg å søkje tilskot for utarbeiding av den. Ein ser for seg at «friluftslivsdelen» i plan for idrett... blir teke inn i denne planen, både oversikt og aktivitet. I tillegg er dette den rette staden å planlegge nye «statleg sikra friluftsområdet». Det vil bli stilt regionale krav om at turstiar områder er omtala i denne planen for å få tilskot.

Forvaltningsplan for statleg sikra friluftsområde

Gjeldande forvaltningsplan gjeld for 2020 – 2024. Forvaltningsplanen inneheld beskriving, status og tiltaksliste, for dei statleg sikra områda i Surnadal. Planen må reviderast i løpet av 2024 og ligg til grunn for søknad om tilskot for forskjellige tiltak på områda.

Veteranplan

Staten med forsvaret og regjeringa ønskjer at alle kommunane skal utarbeide ei veteranplan, enten aleine eller som eit interkommunalt samarbeid. Frå overordna politisk hald er måla med å utarbeide ei veteranplan å styrke samfunnets anerkjenning, ivaretaking og oppfølging av veteranane og deira familiar før, under og etter at dei har vært i internasjonal teneste for Norge. Det skal mellom anna skje gjennom å forbetre samhandlinga mellom aktørane i det sivile hjelpeapparatet og å auke kunnskapen og bevisstheita i sivil sektor generelt. Surnadal kommune har valt å gå inn i samarbeid med dei andre kommunane på Nordmøre om å utarbeide ei felles interkommunal veteranplan. Denne skal til politisk behandling i kommunane i løpet av første halvår i 2024.

Oppvekst

Gjennom arbeidet med prosjektet «Saman skapar vi framtida – region Nordmøre 2040» har Surnadal kommune skapt eit felles framtidsbilete. Kommunen samarbeider saman med dei sju andre kommunane på Nordmøre gjennom Oppvekstnettverk Nordmøre, om å vidareutvikle og forbetre oppvekstsektoren. Gjennom prosessar med partssamarbeid og samskaping har ein prøvd å skape involvering, eigarskap og kompetansemobilisering for dei endringane som er nødvendige, dersom barna våre skal utvikle ny kompetanse som er naudsynt for framtida.

Samtidig med arbeidet på Nordmøre og i Surnadal har ein nasjonalt fått ny rammeplan for barnehagane og ny læreplan for grunnskulen. Saman med globale endringar og lokale behov, vere ei ramme for prioriteringar og retningsval for sektoren sine planar. På bakgrunn av desse prosessane vart Oppvekstplanen vedteke i 2020, som no blir følgd opp med fleire tiltak som arbeidet med språk og skriving.

Det er fleire endringar på oppvekstområdet med ny opplæringslov. I samband med Barnevernsreforma blir det lagt fram ein tverrfagleg førebyggingsplan i 2023.

Helse- og omsorgsplan

Helse- og omsorgsplanen er aktuell for ei mindre rullering i planperioden, det vil seie at enkelte kapittel vil bli rullert etter behov. Planen vart godkjent i Surnadal kommunestyre den 18. mars 2021. Aktuell for rullering i løpet av perioden. Tenkjer da ikkje heile plana, men etter behov/kapittelvis.

Plan for helsemessig og sosial beredskap og smittevernplanen er planlagt rullert i 2024.

Trafikksikringsplanen

Gjeldande plan vart vedteke i 2019. Planen vil bli rullert i 2025.

Hovudplan for vatn, avløp og renovasjon

Arbeidet er oppstarta og ein håper å ha ein rullert plan klar i 2025.

Plan for kommunale vegar

Denne planen vil vi ikkje tilrå rullert i kommande valperiode.

Forvaltningsplan for hjortevilt i Surnadal kommune

Forvaltningsplanen for perioden 2020–2025 blei vedteke av Surnadal kommune 26.02.2020.

Denne plana skal reviderast i løpet av 2025. Plana legg føringar for forvaltning av hjortevilt (hjort, elg og rådyr) i Surnadal kommune.

Klimaplan

Klima er eit overgripande tema som kjem inn i mange område. I samsvar med kommuneplanens samfunnsdel skal vi ikkje ha ein eigen plan for klima. Å ikkje laga ein klimaplan frigjer ressursar til å gjennomføra klimatiltak i staden for å laga ein plan. For at det skal vera ein god strategi og klima ikkje blir gløymt trengst det at vi har stort fokus på klima under utarbeidinga av andre planar.

Naturmangfalsplan

Surnadal kommune fekk støtte frå Miljødirektoratet for å utarbeida ein plan for naturmangfold. Planen er å senda han på høyring i byrjinga av hausten 2023 og at han blir vedteke mot slutten av året.

Boligpolitisk plan

Surnadal kommunestyre vedtok i møte 10.11.16 den første utgåva av Boligpolitisk plan. Det var ei lettare rullering av denne i 2021. Planen er tenkt rullert i 2025.

PLAN	Sist vedteke	2024	2025	2026	2027
Overordna planar					
Kommuneplanen sin samfunnsdel,	2014	x			
Kommuneplanen sin arealdel,	2017				
Økonomiplan og budsjett	Årleg				
Risiko- og sårbarheitsanalyse	2023	x			
Overordna beredskapsplan	2023	x			
Sektor- og temaplanar					
Næringsplan	2021		x		
Forvaltningsplan for hjortevilt	2020	x			
Naturmangfaldplan	Planl. 2023				
Kulturplan	2021		x		
Kulturminneplan	2021		x		
Oppvekstplan	2020				

Helse- og omsorgsplan	2021			x	
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2020	x			
Plan for helsemessig og sosial beredskap	2012	x			
Smittevernplan	2020	x			
Trafikksikkerheitsplan	2019		x		
Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø	1990		x		
Plan for kommunale vegar	2020				
Strategisk IKT-plan ORKidé	2022			x	
Personalplan	2019	x			
Interkommunal plan for sjøområda	2018				
Plan for idrett og friluftsliv planl. 2023	2019				
Forvaltningsplan for statleg sikra område	2020	x			
Veteranplan	Ny	x			
Boligpolitisk plan	2021		x		
Reguleringsplanar					
Todalsfjordprosjektet	Ny			x	
Reguleringsplan for sentrum	Ny	x			
Øyagardslia	Ny	x			
Boligpolitisk plan	2021		x		

6 Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel

6.1 Formålet med planarbeidet

I forslag til planstrategi for Surnadal kommune 2023–2027 kapittel er det foreslått at det skal gjennomførast ei revidering av samfunnsdelen. Plansamarbeidet på Nordmøre, i regi av Nordmøre Interpolitiske Råd (NIPR), skal føre til ein samla planprosess for planstrategien og ein behovstilpassa revisjon av samfunnsdelen.

Alle kommunar skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel (Plan- og bygningslovens §11-1). Samfunnsdelen trekker opp visjon og satsingsområde/hovudmål for kommunen som samfunn og organisasjon. Arealdelen omfattar heile kommunen og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Kommunane har ein viss fleksibilitet når det gjeld revisjon av kommuneplanen. Sjølv om planstrategien og planprogrammet blir slått saman, må kommunen følge prosessreglane for planprogrammet jf. pbl. § 4-1. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverking og behovet for utgreiingar. Det skal

givast anledning til å komme med innspel til planprogrammet, derfor skal forslag til planprogram sendast ut på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Ein revidert og oppdatert samfunnsdel skal fungere som overordna politisk og administrativt styringsverktøy både på lang og kort sikt. Målet er at planarbeidet skal bidra til tydelegheit og forutsigbarheit. Nye politikarar skal også kunne vere med å legge satsingsområda til grunn for økonomiplanarbeidet i valperioden.

6.2 Revidering av kommuneplanens samfunnsdel

Samfunnsdelen er et godt verktøy for strategisk samfunnsplanlegging og gir føringar for arealplanlegginga. Kommuneplanens samfunnsdel tok ved siste rullering i 2020 utgangspunkt i FNs berekraftsmål. FNs berekraftsmål vil og ligge til grunn når planen no skal reviderast.

Det er viktig at samfunnsdelen har tydelege og prioriterte satsingsområde og/eller mål som viser det sittande kommunestyret sin politikk. Satsingområda må følgast opp i strategiar og temaplanar og vidare ned i handlings- og økonomiplanen.

Det blir vidare viktig å utforme mål og strategiar som er godt tilpassa planmodulen i Framsikt.

6.3 Planprosessen med fristar og deltakarar

Det er plansjefen som vil leie planarbeidet i administrasjonen. Kommunedirektørens leiargruppe vil vere viktig deltakarar i planarbeidet. Dei ansvarlege for kommunedelplanane og temaplanane i kommune er viktige aktørar i arbeidet med mål- og strategiutforminga, slik at denne strukturen blir godt tilpassa desse planane når dei skal reviderast.

Plansamarbeid på Nordmøre med sine ressurser vil være en god bidragsyter under hele arbeidet. Revidering av kommuneplanens samfunnsdel skal behandlast og forankrast i formannskapet før endeleg vedtak i kommunestyret.

Framdriftsplan

Utarbeide forslag til planstrategi med planprogram samfunnsdelen	April-mai 2023
Politisk sak forslag planstrategi og planprogram med vedtak offentleg ettersyn og høyring	Juni 2023
Høyringsperiode 6 veker	Juni-sept. 2023
Bearbeiding av høyringsinnspel og merknader planstrategi og planprogram rev. Samfunnsdel	September-oktober 2023

Vedtak av planstrategi med planprogram samfunnsdelen av det nye kommunestyret	November 2023
Felles dag for folkevalde om plansamarbeid på Nordmøre	Januar 2024
Gjennomføre planprosess kommuneplanens samfunnsdel med medverking	Januar-mars 2024
Revideringa av samfunnsdel er gjennomført	Mai 2024
Vedtak om offentlig ettersyn og høyring av samfunnsdelen	Juni 2024
Høyringsuttaler blir lagt inn og politisk behandla	August 2024
Revidert samfunnsdel 2024 - 2028 blir vedteke	September 2024
Satsingsområde og tiltak (oppfølging) inn i økonomiplanen	Hausten 2024

6.4 Medverking

Det skal i planforslaget leggest til rette for medverking. I plan- og bygningslova §5-1 er medverking å forstå som befolkninga sin rett til å vere med å planlegge si framtid, samtidig som den er fleksibel og legg opp til at medverkinga er tilpassa ulike plantypar og planprosessar.

Det blir lagt opp til gjennomgang og konkretisering av satsingsområde med hovudmål og strategiar i dei allereie etablerte politiske utval kommunen har. For å oppnå ei brei forankring er deltaking og involvering av politikarar undervegs i planprosessen viktig. Vi kan sjå for oss at hovudutval, ungdomsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, barn- og unges representant, formannskapet og kommunestyret blir sentrale medverkingsaktørar. Medverknad blir da ivareteke gjennom kommunepolitikaranes representativitet. Kommunens eigne fagavdelingar vil også vere viktige samspillsaktørar i planprosessen. Informasjonskanalar som kommunens nettside og facebookside vil og bli brukt under planprosessen. Det vil også vere annonsering i lokalaviser. Plan og bygningslovens bestemmelsar om høyring og offentlig ettersyn vil bli følgt.

6.5 Behov for utgreiing

Kommunen tar ikkje sikte på å gjere større utgreiingar knytt til dette planarbeidet. Utgreiingsbehovet er langt på veg dekt opp i eksisterande dokument som fylkeskommunens kunnskapsgrunnlag [Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030](#), grunnlagsdokument Nordmøre, [fylkesstatistikken 2023](#) og [kommunestatistikken 2022](#). [Folkehelseprofilen 2023 for Surnadal kommune](#) og det pågåande arbeidet med folkehelseoversikta er også dekkande.

Surnadal kommune er deltakar i «Berekraftsfylket i Møre og Romsdal», som er eit samarbeid der vi samla inn berekraftsindikatorar. Prosjektet er FN-støtta, United 4 Smart Sustainable Cities, og skal hjelpe deltakarkommunane å nå berekraftsmåla.

Det vil vere viktig å kunne ha eit tydeleg og avgrensa planprogram som dei delaktige kan forhalde seg til og slik at vi kan gjennomføre revisjon innanfor rimeleg tids- og ressursbruk. Hensikta med planarbeidet er å skaffe strategisk oversikt og tydelegare prioriteringar som igjen skal vere førande for kommande plan- og utviklingsarbeid.

7 Vedlegg

Nasjonale forventningar:

Dei nasjonale forventningane vil bli lagt fram seinare i juni.

Regional planstrategi og fylkesplanen

Regional planstrategi skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmoglegheter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og kva for spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging. Regional planstrategi blir utarbeidd parallelt med dei lokale planstrategiane og skal forhåpentleg sikre gode samanhengar. Også den regionale planstrategien må ta omsyn til dei nasjonale forventningane.

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styringsmakter, næringsliv, institusjoner og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og beslutningsgrunnlag. Planen skal også medverke til godt samarbeid og samhandling i fylket.

[Oversikt over regionale planer](#)

8 Referansar

Grunnlagsdokument Nordmøre

Regional Analyse Nordmøre: [Regional analyse](#)

Plan- og bygningsloven: [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\) - Lovdata](#)

R. Nerland (21.11.2022): [Vi trenger en bærekraftig bærekraft • Kommunal Rapport \(kommunal-rapport.no\)](#)

FN: [Slik påvirker Ukraina-krigen internasjonal handel og utvikling \(fn.no\)](#)

